

## Referat FAU-møte 11.01.23

Til stades:

- 1.trinn: Tina Lode Strand
- 2.trinn: Janne Bekkum
- 3.trinn: Liv Aaslid
- 4.trinn/leiar: Simon Giæver
- 5.trinn: Camilla Baustad
- 6.trinn: Frank Meland
- 7.trinn: Marianne Mæle

Referent: Janne Bekkum

01/2023 – godkjenning av referat fra sist møte.

Ok

02/2023 – signering av referat FAU datert 21.09.2022

Ok

03/2023 – oppfølging sak 08/2022

Faste tema på foreldremøte.

- 1.trinn: leseglede
  - 2.trinn: inkludering, bruke UDIR sitt opplegg med kafémodell
  - 3.trinn: fysisk helse v/helsesjukepleiar
  - 4.trinn: nettvett
  - 5.trinn: inkludering og/eller arbeid mot mobbing
  - 6.trinn: nettvett – fokus på spel, personvern, kva må ein vere obs på?
  - 7.trinn: nettvett – fokus på ungdomstida. Deling av bilere, lovar og reglar.
- Språkstasjonen har eige opplegg etter behov.

I tillegg

- Aktuelt frå foreldre/foreldrekontaktar, t.d bursdagsfeiring, sosiale medier etc.
- Val av nye foreldrekontaktar dersom aktuelt. Det er vanlig å velge for ein to år og ein for eit år.
- Val av FAU-representant og vara dersom aktuelt. Det er vanlig å velge for to år.
- Anna aktuelt.

Foreldremøtet til våren er styrt av foreldrekontaktar. I tillegg til informasjonsutveksling er det viktig at foreldra i klassen møtes og får diskutert saman.

04/2023 – forespørsel frå masterstudent om å gjennomføre kvalitativt intervju med frivillige foreldre i studiet si målgruppe.

Marianne Horpestad er masterstudent på UiS, og ønsker å komme i kontakt med foreldre som har stått i ei mobbesak. Rektor informerer at det som regel er lærarar som vert invitert til å delta i slike studier, men i denne studien ønsker studenten altså foreldre. Rektor skriv melding til alle foreldre via Visma og dei som ønsker å delta tek kontakt med studenten.

## 05/2023 – orientering frå skulen og FAU-leder om planar ifm. oppstart/overgong til nye Kleppelunden skule.

Kleppelunden skule er planlagt ferdig til skulestart 2024. FAU-leder frå Bore skule har vore i kontakt med FAU-leder på Kleppe, samt skulesjefen. Skulesjefen har invitert alle FAU-ledarar i mars. Rektor informerer om at Kleppe skule har jobba med ulike problemstillingar ifm oppstart av ny skule i lengre tid. Oppstart blir august 2024. Då starter skulen fullt. Krinsen er vedtatt og dette kartet ligg ute på kommunen si side. Rektor har bedt kommunen om å lage betre kart.

På kommunenivå er det eit felles møte med rektor, FAU-ledar og tillitsvalt frå Bore, Kleppe og Horpestad er kalla inn med skulesjef og hovedtillitsvalt.

Tanken er at det er anslagsvis 70 elevar frå Kleppe skule skal over til Kleppelunden skule. 10/75 elevar frå det som er 0.trinn pr dags dato skal over og starte i 2.trinn. Desse elevane vil bli plasserte i to klassar. Rektor skal høyre med skulesjef om det finnes vedtak om nåværande 5.trinn (7.trinn i 2024) skal splittas for eit år eller om alle elevane skal få gå siste året på Kleppe skule. Nokre klassar har mange og nokre har få som skal til Kleppelunden skule. Skulen prøver å leggje til rette for at elevane vert kjend på tvers av klassane.

Ift elevmassen som skal flyttast er det ideelt å hatt 3 parallellar på skulen. Skulen er eigentleg bygd for 3 parallellar, så dette ville frigjort ein del plass. Skulen har dog to målformar, det er snakk om eit relativt lite antal elevar pr.trinn, samt det er ikkje plass til å ha 30 elevar i eit klasserom. Derfor må nokre trinn fortsatt vera 4 parallellar. Skulen tek omsyn til organisering, pedagogikk og økonomi. Ift personal er det tenkt ein normal prosess som rektor vil bli informert om i vår.

Det er viktig å leggje gode planar for korleis ein skal gjere prosessen med målform på Kleppelunden og Kleppe skule dersom antal elevar sett opp mot målform ikkje går opp. Ein har rett på tilbod på skulane dersom det er fleire enn ti elevar som søker om å få bokmål. Ein har rett på tilbod på ein anna skule dersom det er færre enn ti. Det diskuteres vidare i FAU Kleppe på neste møte før møtet med skulesjefen og kommune i mars.

Alle elevar som nå går på Horpestad skal gå på Kleppelunden skule og Klepp ungdomsskule.

## 06/2023 – orientering frå arbeidsgruppe

Arbeidsgruppa pluss to elevar frå elevrådsstyret hadde møte med kommunen før jul. Rektor gjekk gjennom og fortalde om utfordringane ifm skulevegen. Kommunen kan bidra med det tekniske, medan haldningar er skule og foreldre sitt ansvar. Det kjem eige referat frå dette møtet.

Kleppe skule må samanfatte alle punkter ift trafikksikkerhet i ein plan for trafikksikker skule. Det er ingen nye tiltak, då skulen allereie jobber godt med dette og tilfredsstillar krava.

Rapporteringssystem til kommunen der elevar kan registrere uønska hendingar i trafikken.

## 07/2023 – aktuelt frå trinn

Korleis er det med vakter ute på 5.trinn? Kunstgrasbanen blir teke opp som eit område som oppleves særleg sårbart for elevane.

Alle trinn (utenom første) har like mange vaktar ute. Elevane kan gå fritt mellom område og vaksne er fordelt på områda. Det er ca 25 vaksne ute i kvart friminutt.  
5.trinn hadde sosial kveld i kantina. Dette var kjekt!

### 08/2023 – aktuelt frå skulen

7.trinn byrjer med kantine måndag 15.01. Kokk er i gong med full planlegging, mattilsynet er rapportert til og HMS er ivareteke. Rektor håper det ikkje går lang tid før 6.trinn også blir invitert. Trinnet skal blandas når dei skal ete saman.

Henvending til statsforvaltar ang kakesal som tek opp at elevrådet sel kaker ift gratisprinsippet. Statsforvaltar har fått svar frå skule og skulesjef. Skulen venter på svar frå statsforvaltar.

Tilsett ny leder i SFO. Ho startar 01.03.23. Skulen har intern løysing for overlapping mellom stillingane.

Tilsatt ny lærar på 1.trinn. Dette fungerer godt.

Skuleruta for 2023-2024 skal opp til endring i driftsstyre i slutten av januar. Endringen er at skulen har bytta på planleggingsdag 16.11.23 er planleggingsdag, medan 02.01.24 er vanleg skuledag og ikkje planleggingsdag. Skuleruta ligg på Klepp kommune sine sider.

### 09/2023 - Eventuelt